



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Protokoll frå fellesrådsmøte, 19. mars 2026

Desse møtte: Leif Erik Kalvatn (*leiar og repr. frå Ikornnes sokneråd*)
Arne Martin Von Krogh-Bakkedal (*nestleiar og repr. frå Sykkylven sokneråd*)
Jonas Richter Fjeld (*repr. på vegne av Møre bispedøme*)
Synnøve Kalvatn (*repr. frå Ikornnes sokneråd*)
Therese Kristin Utgård Aas (*repr. frå Sykkylven sokneråd*)
Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

I F-sak 10/26: Jarle Sverre Strømmegjerde (*repr. på vegne av kommunen*)

F-sak 5/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 6/26 Protokoll frå fellesrådsmøte, 5. februar 2026

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 7/26 Fastsetting av rekneskapet for 2025

Kyrkjeverjen og økonomiutvalet orienterte fellesrådet om forslaget til vedtak om å levere eit positivt aktivitetsresultat på kr. 39 108,-. Dette til tross for mellom anna svært høge pensjonskostnader, kr. 207 345,- meir enn budsjettet. Hovudforklaringa for å løyse dette er at SKF har bidratt med kr. 0,- til 50% av lønnsutgiftene (som var kr. 376 579,-) til diakonstillinga. Dermed er det sokneråda som fullt ut må ta desse kostnadane. I 2024 bidrog SKF med kr. 196 140,-. Den andre 50% av stillinga blir finansiert av tilskot frå Møre bispedøme.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd tok det til vitande og fastsette eit positivt aktivitetsresultat 2025 på kr. 39 108,-. Avsett til drift kyrkje/administrasjon (disposisjonsfond).

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

F-sak 08/26 Årsrapport 2025

Kyrkjeverjen orienterte om den framlagte årsrapporten 2025.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd godkjente den framlagte årsrapporten 2025.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 9/26 Gjennomgang av rekneskapet

Kyrkjeverjen orienterte om rekneskapet pr. 28.02.2026.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 10/26 Satsar og reglement ved leige av kyrkjene

Kyrkjeverjen orienterte om saksframlegget frå økonomiutvalet. Både Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd har gitt sine høyringsuttalar i denne saka. Begge sokneråda gir si tilslutning, der Sykkylven sokneråd ber om presiseringa av ordlyden til leige av kyrkjerommet ved konsert og arrangement.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok saksframlegget med endring av ordlyden for leigesatsen ved konsertar og arrangement. Leige av kyrkjerom (lokal arrangør): 10% ved billettinntekter, minst kr. 2500,-. Leige av kyrkjerom (ekstern arrangør): 15% ved billettinntekter, minst kr. 5000,-.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

Orienteringssaker:

- Personalsituasjonen
- Fondoppstilling 2025
- Personlege gåver til kyrkjelydane
- Visitas i veke 49, 2026
- Ny kyrkjefoldar for Sykkylven kyrkje

Neste møte: 21.05.2026 kl. 15:00-16:30.

Sekretær:

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Sign.: _____
Leiar

Sign.: _____
Nestleiar

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Besøksadresse:
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130
E-post: post@sykkylven.kyrkja / kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976997298 Kontonr.: 4045.30.34315